

## EPLANEN



peidhalvøya det skjer, konstaterer han. Det meplanen som etter planen skal vedtakast

nd



Anne Grethe Solsvik, fløyte, Xénia Berková, fiolin, Alie Hamberg, piano og forteljar Anne Elisebeth Skogen får skrøyt av Jadranka Roganovic, mor til Tamara.

## Sterkt innspel i kampen for fred

Det var stille i salen, lenge, då siste ord var sagt frå scenen i Kulturhuset og tonane tidde. Forsiktig begynte ein å klappa, applausen steig, men ingen våga reisa seg, langt frå huia eller trampeklappa. Du ropar ikkje tilbake til dei som talar til deg med stille stemmer. Slik var stemninga etter forteljar-konserten "Frå Sarajevo til Suldal". Tårene strøymde hos mang ein publikumar etter Anne Elisebeth Skogen si stille, men intense gjenforteljing av ei ung jente sitt møte med krigen.

Utan hatefulle utfall, utan grufulle skildringar formidla ho fjortenåringen Tamara sine inntrykk

og opplevingar. Understreka, poengtert og praktfullt utfylt av distriktsmusikarane Xénia Berková på fiolin, Anne Grethe Solsvik på fløyte og på piano Alie Hamberg.

Dei 142 framømte fekk oppleve møtet. Blant dei Tamara si mor Jadranka Roganovic som også er ein del av dottera si historie. – Det gjorde godt for meg. Eg håpar forteljinga kan få folk til å tenkja med hjarta, seier ho. Hovudpersonen sjølv valte å bli heime, men var ikkje mindre tilstades av den grunn.

Inntekta frå billettsalet går til Røde Kors.

**Tekst og foto: Helga Møgedal**

### Ny innsamlingsaksjon

Ikkje alle medlemmene har rukke å bli informerte ennå, men Wenche Nygaard sette ting i perspektiv: – Ingen kan skuva unna katastrofene når dei kjem og seia at nå er det nok. Når nauda veltar innover oss, må me ta stilling til henne, slik dei må gjera det som opplever katastrofene.

Desse dagane føregår aksjonen: Erfjord tysdag og onsdag, Nesflaten onsdag, Sand onsdag, Vanvik laurdag, Jelsa laurdag, Ropeidhalvøya laurdag, Suldal tysdag. Onsdag fekk aksjonen ein flying start med inntektene frå førestillinga "Frå Sarajevo til Ryfylke".